

MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 18.10.21 – kl 18:00
Stad: Banken

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Heine Eikemo og Randi Legård.

Forfall: Håkon Småbrekke

Andre til stades på møte:

Referent: Tor Helge

Saker til styremøtet

- Sak 42/21: Meldingssaker
- Sak 43/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte
- Sak 44/21: Sekretærsituasjonen 2021
- Sak 45/21: Fiskekultivering – status
- Sak 46/21: Forslag til endring i vedtak om kompensasjon
- Sak 47/21: Oppsummering reinsjakta 2021
- Sak 48/21: Status hytter og stølar
- Sak 49/21: Søknad om støtte til leikeplass - Bergshagen Vel

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/ Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/ Anne Marie G. Rabba/s/ Håkon Småbrekke/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 42/21: Meldingssaker

Saksutgreiing:

- 2021.05.25 Røldal Tildeling jakt & rekruttering 2021
- 2021.05.28 Eidfjord Søknad om tilskot til kulturarrangement (373828)
- 2021.06.04 Avslag på søknad om utsetting av fisk i Vestre Middyrvatn, Austre Middyrvatn, Nupstjørn og Kaldevatn - magasiner i Røldal-Suldal reguleringen
- 2021.06.07 Pressemelding etter cwd-møte med Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet
- 2021.06.08 - Avtale med beiteleigar i Ståvassvikja om kostnad med renovering
- 2021.06.10 - Avtale handverkar Ståvassvikja kostnad renovering
- 2021.06.25 Salteplassar i Hardangervidda nasjonalpark
- 2021.06.25 Løyve til permanente båtopplagringsplassar på Røldal fjellstyre
- 2021.06.30 Dispensasjon fra hjorteviltforskriften § 31 fellesjaktavtaler – Hardangervidda
- 2021.07.03 UT Midlertidig avtale - salteplasser på statsallmenninga
- 2021.07.08 INN Røldal Fjellstyre gis dispensasjon frå «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»
- 2021.07.27 INN Avslag Røldal Fjellstyre svar bistand fiskeutsett 2021
- 2021.08.26 - INN Grunneiers tillatelse til uthus med utedo Ninive
- 2021.09.07 INN Vestland Fylkeskommune - Godkjenning til å fråvike kriteriet sett i utsetjingsløyve (mottatt 2020.06.04)
- 2021.09.25 UT Innspel til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde
- 2021.09.25 UT Røldal Fjellstyre - Innspel til plan for ferdselsårer
- 2021.10.02 TIL SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad - støtte uthus Ninive
- 2021.10.03 TIL Lyse Kraft DA - RSK - støtte renovering fjellstyrehytter

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Tor Helge gløymte desse på postlista:

- 2021.08.23 Fellefangst villmink Hedlevass
- 2021.08.25 Svar til Røldal Grunneigarlag - Lag og organisasjonar sine synspunkt RSK

Vedtak:

Styret tek meldingssakene til vitande.

Sak 43/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Fjellstyret har handla inn utstyr for skulen i samband med rekrutteringstiltaket som skal gjennomførast. Fjellstyret fekk 12 000 kroner i støtte til friluftslivstiltak innan jakt og

hausting. Det har vorte handla inn kjøttkvern med utstyr til pylsing, samt ei eltemaskin. Total kostnad på dette vart 12 135 kroner + 2168 kroner i moms. Etter førespurnad frå skulen, skaffa også leiar reinskjøt som elevane fekk vera med å skjera ned, for så og seinare pylsa. Fjellstyret må sørgje for at det nødvendige papirarbeidet vert fullført og sendt NFS innan fristen 31.11.2021.

- Kva med Allmannamøtet?
- Scanning av hyttebøker?
- Årsmøtet i Røldal Grendahus har vedtatt å gå vidare med påbyggingsplanane. Våre innspel vedtatt i sak 13/21 er berre delvis tatt til følgje. Korleis forhold fjellstyret seg til dette?

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

- Det vart sendt ut mail til alle fjellstyremedlemmer før møtet om å ta med utfylte møtelister.
- Tor Helge gløymte å nemne følgjande i innkallinga:
 - o Tillating til fellefangst av mink i Hedlevass – kjøpt inn tre feller.
 - o Styret vart informert om midlertidig avtale inngått med Skjold beitelag i sommar.
- Situasjonen rundt Røldal Grendahus vart ikkje diskutert.
- Einigheit om å be om pris for scanning av hyttebøkene.

Vedtak:

- Tor Helge får ansvaret for å fullføre papirarbeidet etter rekrutteringsarbeidet, for å sende dette til NFS.
- Fjellstyret planlegg for allmannamøte i byrjinga/midten av november. Tor Helge organiserer dette, og lagar utkast til saksliste. Sakslista vert godkjent av fjellstyret før publisering.
- Tor Helge kontaktar Kraftmuseet for pris av scanning av hyttebøker.

Samrøystes.

Sak 44/21: Sekretærsituasjonen 2021

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Etter at Sveinung slutta i fjelloppsynet 01. juni, overtok Harald. Dåverande plan var at han skulle vera fungerande sekretær for oss fram til Steinar Lund overtar i januar. Harald slutta i fjelloppsynet 01. oktober. Røldal Fjellstyre har fått tilbakemelding om at det ikkje er mogleg å setje inn ein ny sekretær for januar.

Fjellstyret må ta stilling til korleis sekretærsituasjonen skal løysast. I praksis har Tor Helge vore fungerande sekretær sidan i vår, då han, med få unntak, har gjort det meste av papirarbeidet.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyret må sjå på alternative sekretærløysingar. Det kjem spørsmål frå André om det kunne vore eit alternativ at Tor Helge kunne hatt nokon form for fast kompensasjon for dette. Tor Helge peikar på problematikk rundt forplikta tenestekjøp hjå Hardangervidda Fjellsoppsyn, samt problemstilling rundt dobbeltrolle. Det vert einigheit om å utforske moglegheita rundt dette vidare. Det kjem forslag om at Tor Helge må kompenseras for sekretærarbeidet allereie nedlagt i år. Tor Helge deltar ikkje i diskusjonen rundt økonomisk kompensasjon.

Vedtak:

- Tor Helge vert fungerande sekretær ut 2021.
- Tor Helge får fullmakt til å utrede diverse alternative sekretærløysingar.
- Avgjersel angående kompensasjon for sekretærarbeidet allerede utført i 2021 vert utsett til avgjerse i strekkpunkt 2 i vedtaket er avgjort.

Samrøystes.

Sak 45/21: Fiskekultivering – status**Saksdokument:**

- 2021.06.04 Avslag på søknad om utsetting av fisk i Vestre Middyrvatn, Austre Middyrvatn, Nupstjørn og Kaldevatn - magasiner i Røldal-Suldal reguleringen
- 2021.07.27 Avslag Røldal Fjellstyre svar bistand fiskeutsett 2021
- 2021.09.07 Vestland Fylkeskommune - Godkjenning til å fråvike kriteriet sett i utsetjingsløyve (mottatt 2020.06.04)

Saksutgreiing (THHT):**Fiskeutsetting:**

Hydro gav avslag på førespurnaden om hjelp til å frakte settefisk frå klekkeriet til reguleringsmagasina. Avslaget var grunngje, men leiar kunne ikkje akseptere argumentasjonen. Han tok seg soleis friheiten til å gje dei ei grunngjeven tilbakemelding på dette. Tor Helge lar seg ikkje stoppa, og søkte difor fylkeskommunen om å endre utsetjingsløyvet til å også gjelde villfisk – dette vart innvilga. Det vart fanga, og sett ut, 220 villfisk i Dumpetjørnane.

Tor Helge har vore i kontakt med Statsforvaltaren i Rogaland angående kultiveringstiltak i reguleringsmagasina. Etter avtale, vart Statsforvaltaren oversendt all tilgjengeleg informasjon fjellstyret har om «fiskehistorikken» til desse vatna. Statsforvaltaren signaliserer at dei, i fyrste omgang, ynskjer å krevje at regulanten gjennomfører grundige fiskeundersøkjingar i dei forskjellige vatna.

Driftsplan for fiske:

Det vert arbeida med ein driftsplan for fiske. I samband med dette vart det i sommar gjennomført eit prøvefiske i Holmavatnet, samt i Steggjavotnane. Det vart handla inn litt forskjellig utstyr, slik at prøvefiske lot seg gjennomføra på dugnad. Resultatet av prøvefisket visar at fisken ikkje gyt i nokon av desse vatna. Ein god fiskebestand er soleis heilt avhengig av at fjellstyret igjen får tillating til fiskeutsettingar.

Prøvefiskerapporten er ferdig. Den er oversendt til ressursperson for godkjenning av dei fiskefaglege påstandane.

Fjellstyret må vurdere om det skal prøvefiskast i fleire vatn til neste sommar. Tor Helge byrjar no å få kontroll på all tilgjengeleg informasjon/historikk frå dei aktuelle fiskevatna. Det er eit par vatn kor fjellstyret nok har eit for svakt kunnskapsgrunnlag.

Må vurdere å kjøpe inn oppblåsbar gummibåt å ha til utlån, til dømes i Gamlabua. Oppblåsbare redningsvestar må vurderast å fjernast frå hyttene, då fjellstyret ikkje kan ha ansvaret for at desse er godkjente.

Det må også vurderast om det skal gjerast ein innsats for å auke fisketrykket i Hedlevatna og Uravatnet til neste sommar – dette burde ein ha diskutert med brukarane. Spesielt dei med hytta i Hedlevass.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev ei lita påskjønning til dei ressurspersonane som var behjelpelege med gjennomføringa av prøvefisket og rapportarbeidet i Holmavatnet m.fl..

Referat:

Prøvefiskerapporten frå Holmavatnet m.fl. vart godkjent rett før møtet. Tor Helge presenterer resultata kort.

Vedtak:

Tor Helge får fullmakt til å handle inn ei påskjønning til dei ressurspersonane som var behjelpelege med gjennomføringa av prøvefisket og rapportarbeidet i Holmavatnet m.fl..

Fjellstyret trykkjer fiskerapporten opp i nokon eksemplar.

Samrøystes.

Sak 46/21: Forslag til endring i vedtak om kompensasjon

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge meiner det er urimeleg at fjellstyrerepresentantane skal verte påført økonomisk tap for å ta del i møter o.l. som vervet i fjellstyret medfører.

Noverande vedtak gjort i sak 08/20 seier:

*«Godtgjering for møter der ein representerar Fjellstyret:
Røldal Fjellstyre følger sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullenvang kommune.»*

Denne ulegitimerte satsen er per dags dato kr 1000,-. I praksis vil dette seie at ein taper pengar om ein er reiser på møter i fjellstyreregi. Ein bør også for fjellstyret følgje politisk reglement for Ullensvang kommune.

Koronasituasjonen har gjort at dette til no ikkje har vorte ei reel problemstilling.

Framlegg til vedtak:

Godtgjering for møter der ein representerer Fjellstyret:

- a) Medlemmer får vederlag for tap i arbeidsinntekt som fylgje av vervet. Til vanleg gjeld dette berre for tap i samband med ordinære møte. Tapt arbeidsinntekt i samband med andre aktivitetar enn ordinære møte skal godkjennast på førehand av ordførar eller leiar i det utvalet dette gjeld for.
- b) Vederlag for udokumentert tap. Det vert ytt vederlag for udokumentert tap i arbeidsinntekt med inntil kr 1000 per dag.
- c) Vederlag for dokumentert tap. Det vert ytt fullt vederlag for dokumentert tap av arbeidsinntekt.

Referat:

Avtaler om reise med fullt styre.

Vedtak:

Godtgjering for møter der ein representerer Fjellstyret:

- a) Medlemmer får vederlag for tap i arbeidsinntekt som fylgje av vervet. Tapt arbeidsinntekt i samband med andre aktivitetar enn ordinære møte skal godkjennast på førehand av fjellstyret.
- b) Vederlag for udokumentert tap. Det vert ytt vederlag for udokumentert tap med inntil kr 1000 per dag.
- c) Vederlag for dokumentert tap. Det vert ytt fullt vederlag for dokumentert tap av arbeidsinntekt.

Samrøystes.

Sak 47/21: Oppsummering reinsjakta 2021

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Jakta må ha gått fint føre seg. Det er ikkje kome nokon tilbakemeldingar om jegerkonsentrasjonar, stygg jakt, eller andre uheldige episodar.

Sjølve jakta har vore middels med tanke på fellingstal. Per no er det rapportert inn noko å 80 felte dyr. Det var innom dyr/flokkar på statsallmenninga ein tre-fire gonger i løpet av jakta. I tillegg vart det felt litt håledyr den fyrste dagen.

Organiseringa av jakta har også i år vore ein (for) stor arbeidsbelastning for Tor Helge.

Fleire orsakar:

- Mange utanbygdsjegerar jegerar medfører sjølv sagt meir arbeid
- Samanlikna med i fjor minka nok arbeide ein del når ein berre leigde ut hyttene til innanbygds. Ansaret var i tillegg delegert til Randi. Ingen klager i år på organiseringa av hytteutleiga. Heller ikkje nokon utfordringar.
- Sal av kort på Inatur/utanbygdsjegerar medførte enormt arbeid.
 - «Ukjente» jegerar frå heile landet, hadde sjølv sagt mange spørsmål å stille før dei var villige til å bruke 7000 kroner → mykje telefonar + mykje logistikk m.t.p. sending og innkreving av kort. Tor Helge kjem til å stille kabinettspørsmål, og ynskjer endring av gjeldane organisering for sal av fellingsløyver.
 - Enda, også i år, opp med ein hybridløyving, då me selde dei siste korta uavhengig av trekningslista. (Som vedtatt, solgte me til 20 jegerar via Inatur. Totalt var det 77 jegerar som hadde fellingsløyve hjå oss. 3 av desse var fyrstegongsjegerar.).

Samjaktavtalane:

- HA290. 9 stykk benytta seg av denne.
- Samjakt med Ullensvang SA – frå 6. september. Ingen negative tilbakemeldingar har vore kommunisert til leiar, berre positive. Tor Helge lot innanbygdsbuande frå Ullensvang SA bruke fjellstyrehyttene våre. Dette for å pleia vårt gode naboskap!
- Samjakt med alle Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal SA – frå 21. september. Ingen negative tilbakemeldingar, berre positive. Ikkje kjennskap til at nokon røddølingar var på langtur over på dei andre statsallmenningane. Det var jegerar frå både Eidfjord og Ullensvang på jakt i Røldal SA.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre sender førespurnad til dei andre fjellstyra for å evaluere samjaktordninga, og eventuelle positive, eller negative, følgjer av denne.

Referat:

Fjellstyret diskuterar gjennomføringa av årets jakt. Det er positivt at det ikkje har kome nokon negative tilbakemeldingar til fjellstyret med utfordringar rundt gjennomføringa av årets jakt. Fjellstyret kjem fram til følgjande utfordringar som bør utbetrast til neste år.

HA280 (nord):

- Utlevering av ekstra kort i slutten av jakta.
For å leggje til rette for betre felling, tilbydde Tor Helge i slutten av jakta fellingsløyver til dei jegerane som hadde behov for dette. To av desse vart brukt. Fjellstyret diskuterte praksis rundt dette, og kom fram til at jegerane ikkje skulle betale ekstra for desse to løyva. Dette er i samsvar med praksis frå førre år. Det er einigheit om at det er uheldig å fatte slike vedtak i etterkant. Så langt det lar seg gjere skal slike vedtak gjerast på førehand.
- Manglande praksis rundt jegerar som kontaktar fjellstyret om returnering av fellingsløyver.
Det vart i år gjennomført ei overføring etter at jakta vart byrja, mot eit administrasjonsgebyr. Fjellstyret burde hatt rutine rundt dette på plass før jakta.
- Fjellstyret kjem med forespurnad til Ullensvang fjellstyre om å evaluere årets samjakt. Det er kome spørsmål rundt lovlegheita av å berre la utvalde jegerar med fellingskort utskrevet på HA281/HA282 (innanbygdsjegerane) nytte samjaktavtalen. Det vert peika på at ei slik ordning også vil vera tilnærma umogleg å handheve. Fjellstyret skal/bør evaluere samjaksavtalen med Ullensvang FS i næraste framtid, og fjellstyret bør då høyra kva Ullensvang FS tenkjer om dette.

Tor Helge fekk inn stort sett alle fellingsløyvene. Han var i kontakt med dei som ikkje hadde levert korta. Tala visar at det vart felt 86 dyr totalt. Det vert litt meiningslaust å snakke om fellingsprosent, då fjellstyret var tildelt 329 løyver på vaksne dyr, samt 329 løyver på kalv på dei same løyvene. Ser ein på felling av kalv og vaksne dyr for seg sjølv, finn ein at fellingsprosenten på kalv var 3.0%, medan den vart 23.1 % på vaksne dyr. Ser ein på totalt antal tildelte fellingsløyver mot totalt antal felte dyr, får ein ein fellingsprosent på 13.1%.

Tor Helge meiner ein det mest representative talet vert å ignorere tildelte fellingsløyver på kalv, og berre sjå på antal tildelte vaksne dyr. Ein får då ein fellingsprosent på HA280 tilsvarande 26.1%

Fellingsresultat HA280 2021:				
	Kalv	1 1/2 år	2 1/2 år og eldre	Sum
Hanndyr	7	4	29	40
Hodyr	3	4	34	46
Sum	10	8	68	86

Det vart i tidlegare vedtak sett tak på antal jegerar på Røldal SA. Dette medførte at ikkje alle fellingsløyva vart seld (39 ubrukte fellingsløyver). Det var 49 innanbygdsjegerar, som totalt disponerte 172 fellingsløyver. Desse felte til saman 59 dyr, noko som gjev ein fellingsprosent på 34.3%. Det var totalt 29 utanbygdsjegerar som disponerte 116 fellingsløyver. Desse felte 27 dyr, noko som tilsvarar ein fellingsprosent på 23.3%.

SE 146-6 (syd):

Unormal situasjon i år, med mange ekstra bukkaløyver. Det vart difor bestemt å tilby kortpakkar for å redusere antalet jegerar noko. Totalt vart det 7 jegerar, der alle hadde minst eit bukkaløyve. Det vart ikkje felt nokon dyr på syd i år.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre vil forsøkje å få på plass endringar/utbetringar i henhold til referatet.

Samrøystes.

Sak 48/21: Status hytter og stølar**Saksdokument:**

- 2021.10.02 TIL SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad - støtte uthus Ninive
- 2021.10.03 TIL Lyse Kraft DA - RSK - støtte renovering fjellstyrehytter

Saksutgreiing (THHT):

Det har vore lite aktivitet i og rundt fjellstyrehyttene i sommar, og dei har, dessverre, vorte svært lite brukt til rekreasjon eller liknande.

Gamlabua: Vore måledugnad og vaskedugnad. Hytta er no nesten i tipp/topp stand. Må vurdere om ytterdøra skal tas, samt om ein skal oppgradere solcellepanelet.

Eriksbu: Kjøkkenet har fekk ein skikkeleg nedvask i sommar, og den nye dørstokken har fått dei 3 påkrevde strøka med lakk. Elles har det skjedd lite. Må forsøkje å få montert opp solcellepanelet i skuten i løpet av vinteren.

Ninive: Var ein større dugnad innvendig i byrjinga av sommaren. Stova og kjøkken vart då tilnærma klart. Det gjenstår å byggje opp at soverommet, samt å isolere/kle innervegg i bislaget. Då taket endeleg kom til gards, var snikker inn i juli og fekk ferdigstilt hytta i henhold til oppdraget. Han såg då på tomt til nytt uthus, og laga teikningar til dette. Statskog har gjeve grunneigars tillating til å byggje dette, samt å behalde den gamle dassen. Søknad er sendt kommunen. Underteikna er i gong å søkje forskjellige aktørar om økonomisk støtte til gjennomføring av prosjektet. (Søknad sendt SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad, Lyse.) (Fekk i sommar avslag på søknad om støtte frå Statskogmillionen og Lokalavisenes søknadsordning.)

Ulevåbotn: Lånetakar har sikra eldhuset og fjerna uthuset som var til nedfalls. Adkomstvegen er merka med «køyning på eige ansvar» skilt. Tor Helge møtte Statskog SA ved Kristin Midtmageli på Haukeli den 20.09. Fekk blant anna avklaring rundt vegen til Ulevåbotn. Dette er fjellstyret sin veg og fjellstyret sitt ansvar. Fjellstyret står fritt til å gjere kva dei vil med denne vegen. Ynskjer me å redusere ferdselen med bom, eller liknande, så er dette fort noko me må søkje om. Endå noko uklart om det formelle er på plass med tanke på vegen.

Ståvassvikja: Handverkar har stabilisert hytta i henhold til avtale. Som avtala, betalar noverande beiteleigar rekninga mot vederlagsfritt beite ut kontraktstida (3 år).

Nupshadlene: Ingenting høyrte. Ingenting gjort.

Midtfjellsvodlen: Ingenting høyrte. Ingenting gjort.

Fjellstyret må få fingen ut å byrje å førebu seg på å gjennomgå kontraktar, bygningsmasse og liknande med leigetakarane. Det er også nødvendig å ta ein diskusjon rundt kvar vegen vidare går også i Ståvassvikja. Slik situasjonen er no er ikkje haldbar, då utgiftene med stølane er større enn inntektene.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort ordskifte i saka. Det vert einigheit om å forsøkje å organisere dugnad på Ninive til vinteren, med mål om å fullføre innarbeidet. Tor Helge forsøker å finne ei mogleg løysing for utbetring av kjøkken.

Vedtak:

Fjellstyret utbetrar til eit funksjonelt kjøkken på Ninive.

Samrøystes.

Sak 49/21: Søknad om støtte til leikeplass - Bergshagen Vel

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret har mottatt fylgjande søknad frå Bergshagen Vel:

«Bergshagen Vel og Ullensvang kommune har i sommar utvida eit areal som har vore tiltenkt leikeplass, arbeidet med sjølv utvidinga er no utført.

Me håpar no å komma i gong med sikring rundt leikeplassen. Dette blir gjort på dugnad, arbeidet som skal utførast er forskaling og støyping av mursokkel, og det skal monterast gjerde rundt plassen. Dette er kostnadsberekna til kr 28 463.

Me håpar på positiv tilbakemelding og er takknemmelig for det me evt måtte få i stønad.»

Regelverk

Følgjane utdrag frå «håndbok for fjellstyrer» er relevant for behandling av saka:

6.2.2 Bruk av midler til allmennyttige formål

Etter § 11, 3. ledd siste setning kan fjellstyret bevilge midler til allmennyttige formål i bygdene som har rett til allmenningsbruk. Det er viktig å være klar over at dette er avhengig av Departementets samtykke. Departementets myndighet er delegert til Statskog SF. I stedet for å godkjenne hver enkelt disposisjon som fjellstyret gjør, har Statskog SF gitt et rundskriv i brev

form datert 12.01.2012, som setter rammer for hvor store midler fjellstyrene årlig kan bruke på allmennyttige formål. Etter dagens retningslinjer kan fjellstyrene årlig disponere inntil 5 % av bruttoinntektene til allmennyttige formål. Dersom 5 % av bruttoinntektene utgjør kr. 20 000,- eller mindre, står fjellstyrene imidlertid fritt til å avgjøre om de i løpet av året vil bevilge inntil kr. 20 000,- til allmennyttige formål. Fjellstyret har med dette fått full frihet innenfor disse rammene, men må innhente godkjenning hos Statskog SF dersom de ønsker å gå ut over disse rammene.

Det skal framkomme av regnskapet om det er, eller ikke er, bevilget tilskudd til allmennyttige formål, jf. «Rundskriv 1/2003 om Fjellstyrenes regnskap og revisjonsordning». Dette gjøres i form av en note til regnskapet. Kopi av fjellstyrets vedtak om tilskudd, samt eventuell godkjenning fra Statskog SF skal legges ved regnskapet.

Av leiar vert tiltaket absolutt vurdert til å stetta krava om å vera eit allmennyttig formål. Tiltaket må også seiast å føre til eit positivt lyft for bygda. Per dags dato er det berre i barnehagen det no er leikeplass. Det vert opplyst til leiar at beløpet i søknaden berre er for å dekkje kostnadane med sikring. Budsjettet til heile prosjektet er i overkant av kr 200 000. I tillegg kjem kostnaden ved utvidinga av arealet som vart gjennomført i sommar (om lag kr 100 000).

Fjellstyret har ikkje yt støtte til allmennyttige formål på eit par år.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre støttar Bergshagen Vel med kr xxxxx til ferdigstilling av leikeplass i Buhagane.

Referat:

Eit samla fjellstyre var samde i at tiltaket var eit allmennyttig formål, og at fjellstyret i dette tilfellet bør støtte opp om tiltaket. Det vart soleis berre ein diskusjon rundt storleiken på støttebeløpet.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre støttar Bergshagen Vel med inntil kr 14 000 til ferdigstilling av leikeplass i Buhagane.

Samrøystes.